

STATUSRAPPORT



15.12.15

NRK Nynorsk mediesenter

Vi har fått gjort ei ny medarbeidarundersøking for NRK Nynorsk mediesenter, og resultatane finn du litt om i denne statusrapporten.

Per no har vi sendt frå oss 115 nynorskpraktikantar og 56,6 % av dei, arbeider i media. Totalt har 44 fast arbeid i media, 38 av dei i NRK. Sju har fått fast arbeid i NRK i år.



BITTEN KALLERUD ER FAGLEG ANSVARLEG FOR UNDERSØKINGA OG ØYSTEIN SANNE HAR HATT ANSVARET FOR DET TEKNISKE. (FOTO/ NRK)

Tydelege mål og deling av kunnskap

Vi har kosta på oss ei ny medarbeidarundersøking der dei to siste kulla (21 og 22), som har fullført halvåret som nynorskpraktikantar, er spurde om korleis dei hadde det som praktikantar. Det er vanskeleg å skrive truverdig om ei undersøking som handlar om oss sjølve. Difor har vi bedt fagansvarleg Bitten Kallerud om å samanfatte det ho les ut av undersøkinga. Bitten Kallerud har hatt ansvaret for mange medarbeidarundersøkingar i NRK, og arbeider no for AFF's konsulentnettverk. Jørgen Heid, som har ansvaret for medarbeiderundersøkingane i NRK, har hjelpt til i analysen av materialet:

- Hovedbildet er at resultatene er jevnt over veldig gode på medarbeiderundersøkelsen blant praktikantene. Jeg vil særlig framheve de gode skårene på tydelige mål som følges opp, og kunnskapsdeling fra kolleger. Dette er områder vi vet betyr mye for gode prestasjoner og indre motivasjon. Evaluering og tilbakemeldinger er også viktige læringsarenaer. I det hele tatt er en kultur som bygger kompetanse og stimulerer innovasjon viktig for den enkelte og for NRK!

Det er tredje gangen vi gjennomfører medarbeiderundersøkelse blant praktikantene ved Nynorsk mediesenter: i 2008/09, 2011/12 og 2014/15. Det er 100 % svar på undersøkelsen i 2015, dvs. 10 praktikanter.

Målingen har en skala fra 1 – 7, hvor 1=svært negativ og 7=svært positiv. Nedenfor ser jeg på resultatene. Tallene i parentes i teksten nedenfor er gjennomsnitt skår for spørsmålet.

Hvordan praktikantene opplever arbeidet?

Praktikantene synes de har stimulerende arbeidsoppgaver (6,5), opplever klare ansvarsforhold (6,3) og er stolte av arbeidet Nynorsk mediesenter leverer (6,3). At miljøet ved Nynorsk mediesenter er dyktige til å fange opp nye impulser (6,0) har hatt en positiv framgang siden 2008/09 (5,3).

Praksis og faglig veiledning

Redaksjonene i NRK som praktikantene jobber i, stiller veldig bra opp. Praktikantene opplever å bli godt mottatt (6,5) og at den redaksjonelle ledelsen gir dem konstruktive tilbakemeldinger (6,3). Fadderordningen fungerer bra (6,2).

Faglærerne oppleves som tilgjengelige (6,4), de involverer (6,3) og er tydelige på forventinger (6,0). Arbeids- og veiledningssamtalen får topp-skår, hvor alle sier at den har vært viktig i forhold til faglig utvikling. Miljøet ved Nynorsk mediesenter får høy skår av praktikantene for at kolleger deler kunnskap og erfaringer (6,6) og gir seg tid til faglige diskusjoner (6,4). Dette er forhold vi vet betyr veldig mye for kompetanseutvikling og trivsel.

Gjennomgående ønsker praktikantene seg mer tilbakemeldinger både i intern og ekstern praksis og fra faglærerne. Den redaksjonelle ledelsen i ekstern praksis kommer best ut i skår på konstruktive tilbakemeldinger (6,3). Svakest skår har nærmeste leder i intern praksis (5,0), men den er heller ikke dårlig.

Nynorsk mediesenter

Systematisk oppfølging av mål (6,4) og evaluering av kvaliteten på arbeidet (6,7) har svært høye skår. Miljøet oppleves å være preget av tillit (6,3) med åpen og ærlig kommunikasjon (6,1). På noen områder er det litt mer variasjon. Det gjelder f.eks. om stemningen oppleves som god og preget av godt humør (5,7) og om det er et miljø som bidrar til å gjøre hverandre gode (5,5). Her er gjennomsnittet litt lavere, og spredningen i gruppa øker (høyt standardavvik).

Oppsummering

Sammenlignet med de to foregående medarbeiderundersøkelsene, er det litt større spredning i svarene, som kan være at det er en mer heterogen gruppe i 2015.

Hovedbildet er at resultatene er jevnt over veldig gode på medarbeiderundersøkelsen blant praktikantene. Jeg vil jeg særlig framheve de gode skårene på tydelige mål som følges opp, og kunnskapsdeling fra kolleger. Dette er områder vi vet betyr mye for gode prestasjoner og indre motivasjon. Evaluering og tilbakemeldinger er også viktige læringsarenaer. I det hele tatt er en kultur som bygger kompetanse og stimulerer innovasjon viktig for den enkelte og for NRK!

Kull 23: - Travelt, men kjekt



FRÅ VENSTRE: ELISE SUNDFØR ERDAL, THOMAS BRAKSTAD, KJERSTI ANDERDAL BAKKEN, EVEN LUSÆTER OG LINE OMLAND EILEVSTJØNN
(FOTO: RANDI INDREBØ/NRK)

Fredag 18. desember reiser kull 23 frå Førde, og 4. januar byrjar dei i ekstern praksis. Elise Sundfør Erdal skal til Kulturhuset i NRK P2, Thomas Brakstad til NRK Sporten, der han alt har fått ein måned ekstra med jobb etter avslutta praksis. Kjersti Anderdal Bakken skal til Norgesglasset i NRK P1 på Tyholt, Even Lusæter til NRK Hedmark og Oppland på Lillehammer og Line Omland Eilevstjønn til NRK Telemark. Ho har fått eitt års prosjektstilling som SoMe-ansvarleg i Vest-Telemark blad frå 1. mars.

Elise Sundfør Erdal (1986), Rogaland: - *I løpet av desse fire månadane på NRK Nynorsk mediesenter har eg fått god trening i å lage varierte saker for tv, radio, nett og SoMe. Dei mange gode gjesteforelesarane har til saman dekket eit breidt spekter innanfor journalistikken som er svært nyttig å ta med seg vidare. Eg har framleis mykje å lære, men reiser attende til Oslo med journalistisk sjølvtilit.*

Thomas Brakstad (1989), Hordaland: - *Tida i Førde har vore både intens og lærerik. Alt skjer i høgt tempo, og det stortrivst eg med. Opplegget på Nynorsk mediesenter har vore midt i blinken for meg som trivst med ein travel kvardag der det skjer noko heile tida. Mange vil nok oppleve opplegget som for travelt, men om ein er gira på lære seg journalistikk og journalistiske verktøy på fire månader er dette midt i blinken.*

Kjersti Anderdal Bakken, (1990), Buskerud: - *No skal me ut av det trygge og varme reiret i Førde og prøve lukka i andre redaksjonar i NRK. Bagasjen er stappfull etter fire intense månader med praktisk opplæring i både TV, radio og nett. No er me spente på fortsetjinga!*

Even Lusæter (1979), Oppland: - *Eg vart kasta inn i dette utan journalistisk erfaring og utan vidare kjennskap til Sogn og Fjordane. Men på overraskande stutt tid kunne vi reise ut for å lage eigne saker. No har eg vore på desken i eit par månader, og nokre dagar kjenner eg meg faktisk som ein journalist, til og med ein dugande journalist. Men høge fjell gjev lange skuggar, og det er også dagar der ein får justert sjølvbiletet sitt.*

Men eg får ikkje fullrosa undervisinga på loftet. Det var lagt opp til praktisk læring som passa meg svært godt. Dyktige førelesarar og gjennomtenkt undervisningsopplegg gjorde desse månadene til ein intensiv og lærerik periode.

Line Omland Eilevstjønn (1993), Telemark: - *Dei fire månadane i Førde har lært meg at eg er god nok. Eg er god nok til å kome med idear, og eg er god nok til å gjennomføre dei. Med god hjelp frå proffe faglærarar og flinke kollegaer har eg fått sjølvtiliten eg treng for å halde fram i journalistyrket. Dagane har vore innhaldsrike og travle, men utruleg morosame. Som nynorskpraktikant har eg lært noko nytt kvar dag, og eg gler meg til å bruke lærdommene i arbeidskvardagen min.*

Kull 24 – ein telemarking og fire vestlendingar



KULL 24 FRÅ VENSTRE: SOLVEIG SVARSTAD, MARTIN TORSTVEIT, MARTHA VÅGE, ALEKSANDER ÅSNES OG MAY-HELEN ROLFSNES

Måndag 4. januar byrjar kull 24 på opplæringa i Førde. Her skal dei vere til 30. april, då reiser dei vidare til ekstern praksis. Den er dei ferdige med 30. juni.

Det var 42 søkjarar til dette kullet, og vi hadde 14 av dei inne til konferanse, språk- og studiotest. Dette er kull 24:

Solveig Svarstad (1989), er frå Bremanger i Sogn og Fjordane. Ho har ein Master i medievitskap frå Universitetet i Bergen. Masteroppgåva handla om A-prensa sitt oppkjøp av Edda Media og om samanslåinga til mediekonsernet Amedia. Under studiet hadde ho praksis i informasjonsavdelinga til TV2. Ho har studert spansk i Gateway College sin regi i Mexico. Som student var Solveig Svarstad seminarleiar ved Universitetet i Bergen, mellom anna for utvekslingsstudentar. Elles har ho vore lærarvikar, omsorgsarbeidar og butikktilsett.

Martin Torstveit (1992), kjem frå Bø i Telemark. Han tek no eit årsstudium i norsk ved Høgskulen i Telemark. Tidlegare har han teke årsstudium i kunsthistorie, film- og medievitskap ved NTNU i Trondheim. Han har også gått folkehøgskulen European Film College i Danmark. Torstveit har arbeidd på fleire filmprosjekt, hovudsakleg som fotograf og andre tekniske funksjonar på lys og lyd. Han var mellom anna kameraassistent på spelefilmen “Kvinner i for store herreskjorter” (Motlys AS). Elles har han arbeidd heiltid på ein bensinstasjon og vore sommarvikar på ein campingplass.

Martha Våge (1989) er frå Sandsøy på Sunnmøre. Ho er for tida tilkallingsvakt på Parkteatret Scene, i Oslo, der ho arbeider med billettsystem og produksjon. Ho har nyleg flytta til Oslo etter fleire år i Trondheim. Der arbeidde ho i FARK, festival og arrangementskontoret til Trondheim kommune, som prosjektleiar for FARK;fokus og som ansvarleg for dei frivillige for barnefestivalen Juba Juba. Våge har vore musikk- og ungdomsarbeidar i kommunen og

arbeidd med UKM Trondheim. Ho har vore sjef for dei frivillige på PSTERO-festivalen, og vore dagleg leiar for Tempo, eit kompetansesenter for rytmisk musikk i Midt Norge. Martha Våge har vore musikkjournalist i Radio Revolt, mellom anna som programleiar for musikkprogrammet Hagelangs. No ynskjer ho å gjere levebrød av interessa for media, som ho fekk på Nordmøre folkehøgskule, der ho gjekk lina for foto/media.

Aleksander Åsnes (1990), frå Førde, Sogn og Fjordane. Han har ein Bachelor i samanliknande politikk frå Universitetet i Bergen, med eit semester på utveksling ved Universitetet i California, Berkeley. Han har også studert juss og historie. No studerer han nordisk og arbeider som lærar. Åsnes har vore sentralstyremedlem i Norges Unge Venstre, leiar i fylkeslaget i Sogn og Fjordane og økonomiansvarleg i Bergen Unge Venstre. Etter kommunevalet i år har han bestemt seg for å forlate politikken og satse på journalistikken.

May-Helen Rolfsnes (1993), kjem frå Bømlo i Hordaland. Ho har ein Bachelor i journalistikk frå Universitetet i Stavanger, og er no tilkallingsvikar i Stavanger Aftenblad, på nett. Rolfsnes hadde sommarjobb i Rogalands Avis og Stavanger Aftenblad i studietida, og fekk tilkalling der etterpå.

Fast jobb til Marte Halsør

Det er langt mellom dei faste jobbane i NRK for tida, men vi kan heldigvis melde om ein ny også i denne statusrapporten. Marte Halsør (1988) har fått fast jobb i NRK Nyheiter og skal inn i den fleirmediale deskredaksjonen som skal arbeide på tvers av redaksjonane. Ho skal arbeide med sokalla "breaking news" på fjernsyn, radio og nett.



MARTE HALSØR (FOTO: MARIT KOLBERG/NRK)

Halsør gjekk på kull 17 med nynorskpraktikantar i 2012/13. Ho hadde praksis i NRK Dagsnytt og har arbeidd der som tilkallingsvikar/vikar etterpå, som reporter, produsent og programleiar.

– Dette er den beste julegåva eg kunne fått. Eg er så utruleg glad, for det er her eg aller helst vil vere. Eg trivst veldig godt i jobben, som byr på nye oppgåver og utfordringar kvar dag. Og eg kjenner meg heldig som har fått fast jobb i NRK, seier Marte Halsør.

Medrekna Marte Halsør har sju tidlegare nynorskpraktikantar fått fast arbeid i NRK i 2015. Dei andre er: Mari **Langva** (1986) producer i Newton, Hilde **Zahl** (1982) programleiar i Kveldsåpent, og Hanne **Våge** (1992) vaktsjef/reporter i P3Nett, alle tre på Tyholt. Eva Marie **Felde** (1981) journalist/vaktsjef i Sogn og Fjordane. I NRK Hordaland vart Tale **Hauso** (1991) tilsett som videojournalist ved lokalkontoret i Odda og Jon **Bolstad** (1987) fleirmedial journalist på Minde.

Tre nye programleiarar

I føremålet for NRK Nynorsk mediesenter står det at vi skal lære opp fleire gode nynorskbrukande føredøme til etermedia. Då er det viktig at dei vert brukte til oppgåver der vi høyrer, ser og les det dei gjer.

– Eg har lagt merke til at mange tidlegare nynorskpraktikantar ofte er produsentar, særleg på riksnettet. I ei avdeling grunn gav dei bruken av fleire nynorskfolk som produsentar med at "de er så ryddige i hodet". Det er ein god attest, og det er viktige jobbar, men vi ser/høyrer ikkje anna enn namnet deira, og NRK får heller ikkje opp nynorskprosenten på den måten, seier Magni Øvrebotten.

Nynorsk er godteke som eit godt nyhendespråk, men det er også eit mål for oss at nynorskpraktikantane skal gje nynorsken innpass på nye område. Ikkje minst retta mot barn og unge.

Om vi ser på kor mange som vert brukte som programleiarar så er det tidlegare nynorskpraktikantar i slike jobbar ved ei rekkje distriktskontor, i Kveldsåpent i NRK P1, i NRK Nyheiter, både i radio og fjernsyn og i TV2 Nyheitskanalen. Her er tre på riksnettet i radio og fjernsyn som har fått nye program å boltre seg i:

Ingunn Thon i Julemorgen

Ingunn Thon skal vere programleiar for Julemorgen 2015, saman med Håvard Paulsen. Dei skal ha Julemorgen i NRK Super heile jula og startar laurdag 19. desember, kl. 07.30.



INGUNN THON OG HÅVARD PAULSEN (FOTO: OLE KALAND/NRK)

- Å få vera [programleiar i Julemorgen](#) er å få ein draum i oppfylling. Hadde eg visst dette då eg var ti år hadde det klicka for meg. Eg har aldri jobba på ein så stor produksjon som dette, så det er absolutt utfordrande, og det gjer meg audmjuk. Men mest av alt byr

kombinasjonen jul, musikk, born og artige gjestar på ein ustoppeleg gledesrus. Denne jula skal eg hugse lenge! seier ei lukkeleg Ingunn Thon.

Hallingen Ingunn Thon (1986) gjekk på det tiande kullet med nynorskpraktikantar i 2009 og fekk fast jobb i barne-tv same året. Dei siste åra har ho hatt permisjon frå NRK for å ta ein Bachelor ved Westerdals høgskule, men arbeider i “skuleferien”, mellom anna som programleiar i Reiseradioen og no i Julemorgon.

Solveig Hareide i Schrødingers katt



SOLVEIG HAREIDE (FOTO: NADIA FRANTSEN/NRK)

Solveig Hareide (1983) er programleiar i Schrødingers Katt, vitkapsprogrammet i NRK1. Ho kjem frå Florø i Sunnfjord og var nynorskpraktikant på kull 2 i 2005. Ho har arbeidd med program for born og unge i mange år: BarneTV, Påskemorgen, Energikampen, Newton, Kosinus, osv.

– Det er først no eg har tatt steget inn i vaksen-TV for fullt. Dette er jo litt skummelt, fordi eg av og til er redd eg vil verke for barnsleg. Det er ein travel og kjempespennande jobb. Men han er relativt lik jobben eg hadde i Newton, for det er ikkje alltid vaksne sjåarar har meir peiling enn 8-åringar. Det beste med jobben er å få møte kunnskapsrike folk, å lære noko nytt kvar dag. Arbeidsdagane går stort sett ut på å vere på opptak, det er minst ei veke opptak til ei sending. Det er ein programleiar, men 4-5 producerar. Dei skriv manus, researchar, har regi og redigerar sine saker. Eg spring frå den eine til den andre, og må kunne skifte fokus fort frå ein truga billeart til migreneforskning, eller gjenvinning av fosfor, seier Solveig Hareide.

Erling Molt Korsnes i Natradioen

Sunnmøringen Erling Molt Korsnes har arbeidd i NRK på Tyholt sidan han var der i praksis som nynorskpraktikant i 2008/09. Dei seinare åra han han vore i Trafikkredaksjonen. Men då nattønskeverten Hilde Yvonne Smelror byrja som kanalvert i NRK1, var det duka for Erling i Natradioen.



ERLING MOLT KORSNES (FOTO/NRK)

- *Det er ein svært hyggeleg jobb. Nattønsket har ein lang tradisjon, og har vore på lufta sidan 1984, same året som eg vart fødd. Programmet har veldig mange faste lyttarar, så vi får mykje respons på det vi gjer. Mange bryr seg om sendinga. Det merka vi godt då programmet vart lagt om til Natradioen i vår. Då gjekk vi over til å produsere på dagtid, i staden for å sende direkte på natta. Lyttarane har blitt verande, og ser ut til å like endringane. Omlagginga av programmet har og endra jobben. Dagen går no med til langt meir detaljert planlegging. Det inneber mellom anna å finne musikk, i tillegg til den som er lagt opp av musikkprodusentane, skrive stikk og tenkje ut spalter og framtidige tema for sendingane. Ikkje minst må eg jobbe mykje med språk og formulering for å forme stemninga. Vi er tre programleiarar i Natradioen, med ein rullerande turnus der vi også er programleiarar i Radiolangs og Nonstop i P1+, fortel Erling Molt Korsnes.*

3 års prioritet til stillingar i NRK

<http://torget/personalhandbok/Sider/default.aspx>

Heilt sidan 2008 har NRK hatt reglar om prioritet til stillingar for dei som går dei strategiske rekrutteringsprogramma, NRK Nynorsk mediesenter og NRK FleRe. Grunnen til at NRK driv desse tiltaka er trongen for fleire nynorskbrukarar og fleirkulturelle medarbeidarar. Etter avslutta opplæring har dei tre års prioritet til

stillinger dei er fullt ut kvalifiserte for. Dei skal reknast som interne s kjarar, og kan b ade s kje og f a faste stillingar.

Gjeldande formulering vart vedteken 1. oktober 2013, i retningslinene for bemanningskontroll. Slik lyder grunnregelen m/kommentarar og utdjupingar:

NRKs rekrutteringsprogram

NRK Nynorsk mediesenter og NRK FleRe er strategiske rekrutteringstiltak fordi vi  nsker et  kt antall ansatte og vikarer som snakker nynorsk eller har flerkulturell bakgrunn. S kere fra FleRe-prosjektet og Nynorsk mediesenter betraktes som interne s kere i tre  r etter gjennomf rt program, og de skal gis priorit t til ansettelse i stillinger de er fullt ut kvalifisert for.

Det samme gjelder for praktikantordningen i NRK S pmi. De samme reglene for lovlig midlertidig ansettelse gjelder for disse som for andre midlertidige.

Kommentarer og utdyping

Dette inneb rer at vi til tross for bemanningskontroll fortsatt har som m al    ke andelen nynorskbrukere og flerkulturelle redaksjonelle medarbeidere i bedriften. S kere fra v re strategiske tiltak har f lgende muligheter:

- De kan s ke og ansettes i internt utlyste stillinger, men allerede fast ansatte prioriteres foran dem.
- Eksterne ansettelser i faste stillinger m  godkjennes i direkt rm tet. Dette gjelder ikke ved ansettelse av kandidater fra Nynorsk mediesenter eller FleRe, da disse regnes som interne.
- Ved eksternt utlyste stillinger skal de prioriteres til stillinger de er fullt ut kvalifisert for foran vikarer og andre eksterne s kere.

Formulering ved *interne* utlysingar

Sommaren 2015 vart det bestemt at n r NRK lyser ut stillingar internt s  skal det st  i utlysingsteksten at berre fast tilsette og kandidatar fr  NRK FleRe og NRK Nynorsk mediesenter kan s ke p  desse stillingane. Formuleringa lyder slik:

P  grunn av dagens bemanningssituasjon i NRK er det berre fast tilsette medarbeidarar og kandidatar fr  NRK fleire og NRK Nynorsk mediesenter som kan s kje p  denne stillinga.

Kvar vert nynorskpraktikantane av?

Per 15.12.15 har vi sendt frå oss 115 nynorskpraktikantar og 56,5 % av dei arbeider heil - eller deltid i media. 57 av dei 115 arbeider i NRK. Totalt har 44 fast arbeid i media, 38 av dei arbeider i NRK.

Vi har tidlegare nynorskpraktikantar i ulike radio- og fjernsynsprogram og på nettet. Til dømes i Dagsnytt, Dagsrevyen, Utanriks, Sporten, Kulturnytt, Spillerom, Ekko, NRK.no, P3 Morgon, P3 Nett og ved distriktskontora i Troms, Nordland, Trøndelag, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Sørlandet og Østlandssendinga.

Det er også journalistar med bakgrunn herifrå som nyhendeanker i TV 2, i Møre-Nytt, Telemarksavisa, Drammens Tidende, Bergens Tidende, på nettet i Dagens Næringsliv og i produksjonsselskapet Monster.

Andre arbeider som informasjonsfolk og rådgjevarar i: Språkrådet, Norges Bondelag, Barne- og likestillingsdepartementet, Røde Kors, Skatt Vest, NTNU, Bisqit Norge, Norske Kunstforeninger, Senterpartiet og Von kommunikasjon.

I statusrapportar som denne tek vi berre med dei fem siste kulla. Dei andre finn du på nettsida www.nynorskmediesenter.no. Der skal vi vere oppdaterte på kvar dei er, så sant dei sjølve hugsar å melde frå om byte av arbeid og studium.

Kull 22: 4. januar – 30. juni 2015



Steinar Daltveit (1989) studerer nett- og fjernsyn i USA, **Signe Fuglesteg Luksengard** (1990) er vikar i NRK Supernytt, **Olav Åsen Haugsgjerd** (1988) er tilkallingsvikar i NRK Sørlandet, **Gunhild Årdal** (1987) er tilkallingsvikar i NRK Utanriks og **Bård Holmen Solvik** (1985) er tilkallingsvikar i innanriksredaksjonen i NRK Nyhende.

Kull 21: 25. august 2014 – 28. februar 2015



Elias Engevik (1995) arbeider som journalist i det militære på Haakonvern. **Tor-Erik Humlen** (1988) er vikar i P3Morgen. **Ine Eftestøl** (1984) er tilkallingsvikar i NRK Rogaland, og frå nyttår av vikar i Supernytt, **Hibba Sarmadaw** (1987) er vikar i innanriksredaksjonen i NRK Nyhende og **Sigrid Agnethe Hansen** (1989) er vikar i NRK Troms.

Kull 20: 3. januar – 30. juni 2014



Frå venstre: **Oddbjørn Myklebust Opsal** (1988) er kokk. **Liv Ragnhild Holdhus Sjursen** (1984), er vikar i Kommunikasjonsavdelinga til NTNU. **Guro Kvalnes** (1991) er masterstudent i litteraturformidling ved UiO og tilkallingsvikar i Kulturnytt. **Silje Steinnes Bjerknes** (1988) er vikar i NRK Møre og Romsdal, og **Halvor Farsund Storvik** (1981) er vikar i NRK Sogn og Fjordane.

Kull 19: 19. august 2013 – 28. februar 2014



Frå venstre: **Eirik Hildal** (1985) er vikar i NRK Sogn og Fjordane, **Britt Kristin Ese** (1985) er frilansar i Bergen og **Idun Fivelstad** (1987) lærar i Rindal. **Tale Hauso** (1991) er fast tilsett i NRK Hordaland, ved lokalkontoret i Odda og **Lars Ivar Nordal** (1986) er vikar i programmet Spillerom i NRK P2, som produsent og reporter.

Kull 18: 3. januar til 30. juni 2013



Vegar Tjørhom (1987) er tilkallingsvikar i NRK Utanriks, **Adalheidur Oldeide** (1988) er vikar i Bergens Tidende. **Inger Johanne Ruset** (1985), er dagleg leiar for kulturhuset i Brattvåg på Sunnmøre. **Hanne Våge** (1992) er fast tilsett som vaksjef/reporter i P3 Nett og **Trond Espen Bjoland** (1993) studerer historie ved Universitetet i Bergen.

FAKTA OM TRE SYSTERTILTAK:

NRK Nynorsk mediesenter – for rekruttering og opplæring av nynorskbrukande journalistar for nett, radio og fjernsyn. 10 praktikantar i året. Drive av NRK sidan 2004. Samlokalisert med NRK Sogn og Fjordane i Førde. Senteret er modell for dei to andre. Leiar: Magni Øvrebotten

NRK FleRe – for rekruttering og opplæring av fleirkulturelle journalistar for nett, radio og fjernsyn. Fem praktikantar i året. Drive av NRK sidan 2008, samlokalisert med NRK Østlandssendinga, Oslo. Leiar: Marianne Mikkelsen.

Nynorsk avissenter – for rekruttering av nynorskbrukande journalistar for nett og avis. Åtte praktikantar i året. Starta hausten 2013. Kjempa seg inn på statsbudsjettet for 2015 med ei løyving på 2,2 mill. kroner. For 2016 vart summen kr. 2.242.000. Firda Media og eigaren Amedia går inn med 560.000 kroner i året. Nynorsk avissenter er samlokalisert med lokalavisa Firda i Førde. Leiar: Ivar Myklebust Longvastøl.

NRK Nynorsk mediesenter og Nynorsk mediesenter samarbeider mellom anna om gjesteførelesarar i ulike emne om nynorsk som mediespråk, journalistikk og etikk. Hausten 2015 har vi invitert journalistar frå lokalaviser i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal til å delta på aktuelle gjesteførelesingar. Tretten journalistar har nytta seg av tilbodet.